

Vi har vært vant til at politiet utfører sitt oppdrag uten å bære skarpladd pistol på hoften – og slik vil vi det skal fortsette.

© VÅRT LAND PÅ LEDERPLASS, SIDE 2

vårt land

LØRDAG

18. APRIL 2015

uke 16 / nr. 88 / 71. årgang

KRONER 30

LØRDAG

20

• RUNE CHRISTIANSEN I MIN TRO:
Jeg tror vi er en del
av et skaperverk



24

• LAURA DJUPVIK:
Så då er eg vel
lykkeleg, då

Folke- mordet Norge ikke anerkjenner

1,5 millioner armenere, verdens første kristne folkegruppe, ble drept av tyrkerne under første verdenskrig.

© LØRDAG SIDE 14-19

Det polske teaterensembl Teatr ZAR turnerer verden rundt med stykket *Armine, Sister*. De massive overgrepene mot armenske kvinner i årene etter 1915 står sentralt i stykket.
Overgriperne var ofte tyrkiske soldater.

Foto: Erlend Berge

'Hadia har taklet en trippel utfordring'

Aps Hadia Tajik er ung, kvinne og har minoritetsbakgrunn. Nå velges hun inn i partiets ledetroika, og får massivt skryt fra sine partifeller.

© NYHETER SIDE 8-9

Foto: Erlend Berge

Bibelen – en gave for livet!

Tydelig skrift og vakert design.
Nærmere kildetekstene i et nytt og levende språk.



Verbum

LØRDAG



Tyrkiske soldatar poserer med avhogde hovud etter ein massakre på armenarar i 1915.

Foto: Ap/NTB scanpix/arkiv

20

MIN TRO

Man må ha det uendelige perspektivet, mener forfatter Rune Christiansen. Han er ikke så nysgjerrig på hva Gud er.



Misjonæren Bodil Biørn på hesten Olaf i Musch.
Foto: Riksarkivet

21

GJESTEN

«Oppussing og renovasjon er eit sok etter meinings- laus lyden av motorsaga er.»



Laura Djupvik er dagens Gjestespaltist.



Samstundes som armenarar blei drepne, blei store grupper med armenarar også drivne ut av Tyrkia, til dagens Syria og Irak. Foto: NTB scanpix

HOVEDSAKEN

Det perfekte folkemordet

I skuggen av første verdskrig blei 1,5 millionar armenarar drepne. Kragerø kommune har gjort det Solberg-regjeringa ikkje vil. Dei har anerkjent folkemordet.



Dei raude grensene markerer kvar det opprinnlege Armenia låg. Kilikia er også eit gammalt armensk område. Etter 1. verdskrig blei Aust-Armenia til sovjetrepublikken som i dag er er staten Armenia. Vest-Armenia forsvann inn i Tyrkia.

OSLO OG BÆRUM

BJØRGULV K. BJÅEN

bjbj@vl.no

ERLEND BERGE (FOTO)

erlend.berge@vl.no



Jeg har vært med å se alt det frykteligste som tenkes», skreiv Bodil Biørn i dagboka si. Ho var augevitne til likvidering av menneske som blei drepne fordi dei var armenarar.

Bodil Biørn var ein pioner. Kvenna kom frå ein av Kragerøs rikaste familiar, men valde ein uvanleg yrkesveg. Ho utdanna seg til sjukepleiar og reiste til det osmanske imperiet som misjonær i 1905, utsendt for Kvinnelige Missions Arbeidere (KMA).

Biørn slo seg ned i eit område som i dag ligg i Tyrkia. Ho arbeidde blant armenarane, den første folkegruppa som gjekk over til kristendommen, 300 år etter Kristi fødsel.

– Bodil Biørn blei eit særskilt viktig tidssvitne for ugjerningane som heimsøkte armenarane for 100 år sidan. Gjennom dagbøker, brev og bilet dokumenterte ho folkemordet som vi no markerer, fortel Kåre Preben Hegland, ordførar for Høgre i Kragerø.

Forbyr f-ord. I åra 1915–1920 blei nærare 1,5 millionar armenarar drepne og fordrevne i det som historikarar slår fast og som parlamentarikarar og statsleiarar har anerkjent som

16 LØRDAG HOVEDSAKEN



Teatr ZAR turnerer verda med *Armine, Sister*. Sentralt i stykket står dei massive overgrepene som tyrkiske soldatar utførte mot armenske kvinner – overgrep som overgriparane ville løyne, og som offera ville gløyme.



eit folkemord. I mai skal det danske Folketinget behandle eit forslag om at Danmark skal seie det same. Frå før har 22 statar har avgjort at det er snakk om eit folkemord.

Tyrkia på si side har i 100 år nekta å bruke f-ordet. Tyrkia meiner at talet på døde ligg rundt 500.000, og at armenarane døydde som følge av svolt, sjukdom, borgarkrig og det generelle anarkiet som rådde mot slutten av 1. verdskrig.

«Det er misvisende å tro og fremstille at det er en politisk enighet om skildringen av hendelsene i 1915 som folkemord», skreiv Ülkü Kocafe, nestleiar ved Tyrkias ambassade i Oslo, i eit debattinnlegg i Vårt Land torsdag.

Kravde sjølvstende. På starten av 1600-talet blei brorparten av Armenia innlemma i eit ek-

spanderande muslimsk imperium, det osmanske. Mot slutten av 1800-talet byrja armenarane å krevje sjølvstende. Den osmanske sultanen svarte med massakrar.

Samstundes som armenarane kravde fridom, vaks det fram ei rørsle som ville ha ein ny nasjonalstat. Dei såkalla ungtyrkane tok makta i ein revolusjon i 1908, og tvinga i 1913 fram ein eittpartistat gjennom eit militærkupp. Slagordet deira skræmde dei kristne minoritetane:

Tyrkia for tyrkisktalande muslimar.

“
”

**Bodil Biørn blei
eit særsvik-
tig tidssvitne for
ugjerningane.**

Kåre Preben Hegland,
ordfører i Kragerø (H)

I 1914 braut første verdskrig ut. Det osmanske imperiet valde å støtte Tyskland i krigen mot Frankrike, Storbritannia og Russland. Dermed kom armenarane i klem. Dei hadde samarbeidd med dei kristne, europeiske stormaktene, Tyrkiyas fiender. Verdskrigen sende det osmanske imperiet mot stupe, og ungtyrkane trøng syndebukkar.

24. april 1915 gav regimet ordre om at eit hundretal armenske leiarar skulle arrestera og seinare drepast. Aprilordren blei startskotet på nedslaktinga og fordrivinga av armenarar, og utslettinga av armensk kyrkje, kultur og samfunnsliv.

Massakrane blei utførte i eit rasande tempo i 1915, fortel Senter for studier av Holocaust og livssynsmoriteter – HL-Senteret på nettsida Folkemord.no:

Då tyrkiske spesialsoldatar kom til byen Musch, blei armenske kvinner og barn samla saman i lä-



var før veggane blei dynka med parafin. Så fann soldatar fram fyrtikker. Mennene blei avretta på staden.

Dødsmarsjar til ørkenen. Bodil Biørn frå Kragerø budde og arbeidde i Musch då tyrkarane kom. Saman med henne var ein annan KMA-misjonær, svenske Alma Johansson. I ein rapport melder dei to kvinnene:

«Bortsett fra et lite antall kvinner som tyrkerne tok for seg selv, er alt som armenisk heter i hele Musch-området utryddet.»

Overalt i det armeniske kjerneområdet – sentralt og aust i dagens Tyrkia – blei armenarar slakta ned i 1915 og inn i 1916. Menn blei drepne på staden. Kvinner og barn blei deporterte. Dødsmarsjane mot ørkenområda som i dag ligg nord i Syria og Irak

var mange og lange. Store grupper av dei som kom fram døydde etter kort tid grunna svolt. Eit tusental armeniske kvinner blei også tatt som sexslavar i tyrkiske storfamiliar.

Stolt av bysbarnet. – Mykje av dette fekk omverda kunnskap om, takka vere Bodil Biørn, seier ordførar Hegland.

Eigentleg skulle Høgre-mannen frå Kragerø vore på partiets landsmøte neste helg og feira at dei styrer Norge.

– Men eg er i Jerevan, hovudstaden i Armenia. Både Erna og



Tusental armeniske kvinner og barn blei deporterte til ørkenområde i dagens Syria. Her forsann spora etter overgrep i sanden – noko Teatr ZAR viser i *Armine, Sister*.



Songaren Aram Kerevyan (t.v.) har lært Teatr ZAR å syngje armenske liturgiske songar.

«Teaterstykket utforskar kva det vil seie å vere eit vitne, og kva vitnet tyder for oss i dag.»

Jaroslaw Fret, regissør og teatersjef

eg blei inviterte til 100-årsmerkinga for folkemordet. Eg reiser. Erna har takka nei.

– *Kva eg tykkjer du om det?*
– Det er ei feig haldning.

Dagleg blir Kragerø-ordføraren minna om innsatsen til bysbarnet Biørn. Utanfor rådhuset står ein minnestein som heidrar innsatsen for armenarane. Når Hegland går inn på rådhuset, stig han inn i Biørn-familiens gamle herskapshus.

– Eg er stolt av Biørn, og reiser med glede til Jerevan for å vise støtte og sympati med det armeniske folket.

Biørn-stenen utanfor rådhuset har ein ekstra symbolverdi for Hegland.

– Dei som kom med steinen, var armenarar frå Aleppo i Syria. Dei er etterkomrarar av dei mange armenarane som blei deporterte dit, og i Aleppo dreiv Biørn ein barneheim for armeniske flyktningar. Slik minner stei-

nen oss om dagens verste flyktningkatastrofe, den syriske. Slik minnar han oss i Kragerø om å vise medkjensle, akkurat slik Biørn viste, med dei som er forfølgde.

Vil bryte stilla. I kulturhuset Kanonhallen aust i Oslo lyder armenesk, liturgisk song. Han fortel om eit daglegliv der kyrkja stod midt i livet. Så smell det, songen stilnar, forfølgjarane tek seg med makt inn i gudshuset.

– *Armine, Sister* avslører ikkje berre historia om utryddinga av armenarane, men også historia om stilla som følgde, og ansvaret for denne. Teaterstykket utforskar kva det vil seie å vere eit vitne, og kva vitnet tyder for oss i dag. Vi kan ikkje og ønskjer ikkje å uttale oss på vegne av armenarane, men vi ønskjer at framsyninga vår skal bryte stilla.

Jaroslaw Fret er grunnleggjar, skodespelar, regissør og sjef i Teatr ZAR, eit polsk, omreisande teater som har stoppa i Oslo for å vise stykket dei har brukt nesten to år på å skape, *Armine, Sister*.

I Kanonhallen viser dei ei framsyning utan ein einaste replikk. Men songen, dramaturgien og scenografin dreg publikum gjennom historia om eit folkemord som drep menneske, kyrkje og kultur, om eit folkemord som blir viska vekk som spor i ein ørken, om den uendelege stilla som rår ➤

18 LØRDAG HOVEDSAKEN

Fridtjof Nansens engasjement for armenarane var personleg. Han hadde stor sympati for saka vår.

Erik Grigoryan,
leiar av Armenisk kulturforening i Norge



etter utslettinga. Om det doble tabuet; først fornedringa, så motviljen mot å fortelje etterkomarane kva som hende.

Studerte armensk historie. På scena står ni søyler, symboler på dei tusental armenske kyrkjene som blei stengde og sprengde i åra etter 1915. Skodespelarane i Teatr Zar skiftar på å spele offer og overgriper. Hendingar Bodil Bjørn rapporterte om frå Musch får liv på scena. Særleg overgrep mot armenske kvinner.

– *Armine, Sister* er eit forsøk på å identifisere vår plass i høve til tidlegare generasjonar, og å forstå kven vi er, vi som alltid står på den andre siden av minnet, som på den andre siden av kameraet. Vi stirar på historia gjennom eit kikhol, og ser berre eit spor, ein skugge, ein tanke, forklarar Fret.

For å formgje stykket reiste Fret og ensemblet til det ophavlege Armenia. Dei studerte armensk historie og musikk, særleg den stolte kyrkjesongen. Dei møtte armenske songarar som Aram Keropyan, som no reiser rundt med ensemblet og er den berande røysta i *Armine, Sister*.

Kirkelig Kulturverksted (KKV) arbeidde i eit år med å få Teatr ZAR til å stoppe i Norge på verds-turneet med *Armine, Sister*. For å realisere prosjektet måtte dei ha statleg støtte. Ein god slump kom på bordet i Utanriksdepartementet. Saman med ei oppmoding:

– «Vi vil berre nemne at Norge offisielt ikkje brukar ordet «folkemord», sa folk i departementet, fortel Erik Hillestad, dagleg leiar i KKV.

– Men vi gjorde det likevel.

«Et folkemord 100 år etter» blei overskrifta på festivalen i mars som markerte at det var 100 år sidan folkemordet på armenarane starta.

Støttar armenarane. Sundag sa pave Frans f-ordet. Overhovudet for verdas største trussamfunn hadde invitert til minnegudsteneste i Peterskyrja i Vatikanet. Han markerte at det var 100 år sidan myrderia og deportasjonane av armenarane starta.

– Det siste hundreåret har vår menneskelege familie gjennomlevd tre store og eineståande tragediar, sa paven.

– Den første, som er breitt vurdert som «det første folkemordet i det 20. århundre», ramma vårt eige armenske folk, sa Frans.

Tyrkia svarte med å kalle heim ambassadøren til Vatikanet i protest. Utanriksminister Mevlüt Cavusoglu sende ut refs på Twitter:

– Pavens fråsegn, som er ute av kontakt med både historiske fakta og rettsleg grunnlag, er rett og slett uakseptabel.

Biskop Erling J. Pettersen er også leiar i Mellomkyrkjeleg råd, utanrikstenesta til Den norske kyrkja. Han er tydeleg på kva ord kyrkja brukar: Folkemord.

– Når Den norske kyrkja uttaler seg om dette, er vi heilt på line med pave Frans. Den skam-



I kjellaren på Fridtjof Nansen Instituttet i Bærum, har armenarar i Norge samla eit lite bibliotek av Nansens bøker som er omsett til armensk. Leiar i Armenisk Kulturforening i Norge, Erik Grigoryan, ber dagens politiske leiara lære av Nansen. Isbjørnen på plata er skoten av polfararen sjølv.

pletten i vår historie som no blir markert, blir frå vår side omtala som folkemord, seier biskopen i Stavanger.

Ikkje jobb for politikarar. I Utanriksdepartementet ser dei annleis på det. Vårt Land spurde utanriksminister Børge Brende: 100 etter at drapa og deportasjonane starta, vil regjeringa bruke terminen folkemord på det som fann stad i Tyrkia i 1915 og dei påfølgjande åra?

Svaret kom i ein epost frå Brendes statssekretær, Bård Glad Petersen (H):

– Det herskar ingen tvil om at det skjedde omfattande overgrep mot armenarane i Det osmanske riket i 1915. Det er ein historisk

Armenia

● Det osmanske imperiet innlemma Vest-Armenia tidleg på 1600-talet. Aust-Armenia blei innlemma i Persia.

● Etter 1. verdskrig blei Aust-Armenia ein sjølvstendig republikk, Armenia. I 1920 blei landet invadert av Sovjetunionen. I 1991 blei den armeniske staten på nytt etablert.

● Vest-Armenia blei innlemma i Tyrkia etter at 1. verdskrig gjorde slutt på det osmanske imperiet.

● Armenia krev at Tyrkia skal anerkjenne drapa på armenarar som eit folkemord. 22 land har gjort dette.

tragedie. Regjeringa, til liks med regjeringar før oss, har ikkje tatt stilling til om hendingane i 1915 oppfyller dagens kriterium for å bli klassifisert som folkemord. Tolkinga av desse tragiske hendingane bør heller gjerast av historikarar enn av politikarar.

Statssekretären peikar også på at folkemord først blei definert internasjonalt lenge etter 1915:

– Omgrepet folkemord er nedfelt i FNs folke-mordskonvensjon av 1948. Det er prinsipielt problematiskt å bruke omgrepet om historiske hendingar før konvensjonen blei laga.

Sender ambassadøren. I kjellaren på Fridtjof Nansen Instituttet i Bærum, betre kjent som Nansens bustad Polhøgda, står ein armenar og ristar på hovudet.

– Norges standpunkt heng ikkje saman. Regjeringa vil ikkje anerkjenne folkemordet på armenarane for det fann stad før 1948. Men Norge anerkjenner Holocaust som eit folkemord, og det fann også stad før FN-konvensjonen kom i 1948,

HOVEDSAKEN LØRDAG 19



seier Erik Grigoryan, leiar av Armenisk kulturforening i Norge, og set på plass ei av Nansens bøker som er omsett til armensk.

Presidenten i Grigoryans heimland Armenia har invitert Norges regjering til 100-årsmerkinga i Jerevan neste fredag. Statsminister Erna Solberg har takka nei. Høgret landsmøte kom i vegen. Heller ikkje Børge Brende reiser.

– Regjeringa er representert ved Norges ambassadør til Armenia, forklarar statssekretær Glad Pedersen.

Men om regjeringa vil glimre med sitt fråver i Jerevan, vil det likevel vere ein Høgre-mann på ærestribunen som held hovudet høgt heva.

– Du skjønar, i Kragerø fann vi det naudsynt å drive utanrikspolitikk. Difor vedtok bystyret ei tid tilbake at Kragerø anerkjenner folkemordet, forklarar ordføraren, og legg til:

– Vi har bede dei siste regjeringane om å gjøre det same, men dei vågar ikkje. Eigentleg forstår eg ikkje kvifor.

“

Den skampletten i vår historie som no blir markert, blir frå vår side omtala som folkemord.

Erling J. Pettersen, biskop og leiar i Mellomkyrkjeleg råd

Han ligg gravlagt på Polhøgda i Bærum, mannen som står på sokkel i Armenias hovedstad.

– Fridtjof Nansen er stor i Norge, men polfararen, vitskapsmannen og menneskerettsforskjemparen Nansen er endå større i Armenia, fortel Erik Grigoryan der han står ved grava til Nansen.

Forsoning. Han meiner Norge har ei moralisk plikt til å anerkjenne den etniske reisninga i åra etter 1915 som eit folkemord.

– Norge snakkar gjerne om forsoning. Men før forsoning kan finne stad, må ein vedgå, ta ansvar for ugjerningane som fann stad. Difor burde Norge legge press på Tyrkia med anerkjenne folkemordet. Då ville



Sundag slo pave Frans (t.v.) fast at drapa på armenarar i åra 1915–1920 er eit folkemord. Han markerte 100-årsdagen saman med overhovudet i den armeniske kyrkja, patriark Karekin II. Foto: Reuters/NTB scanpix



Ordførar Kåre Preben Hegland i Kragerø er stolt over kva bysbarnet Bodil Biørn utretta som misjonær og sjukepleiar. Biørn rapporterte om drap og overgrep på armenarar.

Foto: Privat



Fridtjof Nansen ligg gravlagt på Polhøgda i Bærum. Kvar 24. april kjem armenarar i Norge hit for å heidre nordmannen som ytte armenarar stor hjelp i åra etter 1. verdskrig.

fleire land følgt etter, for Norge er ein rollemodell i slike saker.

Kvar 24. april finn armenarar busette i Norge veg til grava på Polhøgda. Dei kjem for å heidre mannen som i åra etter verdskriga la ned eit enormt arbeid for å sikre armenske flyktningar nye heimland, som høgkommissær for flyktningar i Folkeförbundet.

– Nansens engasjement for armenarane var personleg. Han hadde stor sympati for saka vår. Difor blir Nansen heidra som ein av dei verkeleg store heltane under 100-årsmerkinga i Jerevan. Difor skulle vi gjerne hatt Norges statsminister der også.

Dei kristne forsvann. Kulturleiaren Erik Grigoryan, ordføraren Kåre Preben Hegland og teatersjefen Jaroslaw Fret er samde. Folkemordet på armenarane var det perfekte folkemordet. Først blei eit folk radert ut av ein nasjon. Så blei dei døde og overlevande gløymde av omverda.

I dag er Tyrkia 99 prosent muslimsk.